

Velkommen til Gol kommune!

Det er mi store glede å kunne ynskje deg velkomen til Gol kommune, midt i hjarte av Hallingdal.

Eg vonar at du vil trivast i di nye heimkommune!

➤ Om kommunen

Du bur no i ein tettstad med mange gode kvalitetar. Me er snautt 5000 innbyggjarar med god geografisk spreiring frå sentrum til bygdene våre Rotneim, Grønlio, Åsgardane og Liagardane. Bygdene har stor plass både i areal men og i hjarte til lokalbefolkninga. I Gol har du tilgang til ein fantastisk og familievenleg natur med kort veg til villar natur i nabokommunar. I Gol skal familien kunne få gode opplevingar saman, ute og inne. Bli kjend med det Gol og Hallingdal har å by på ved å besøke desse nettsidene for meir informasjon:

- gol.kommune.no
- golinfo.no
- facebook.com/visitgol/
- hallingdal.no
- hallingspor.no
- facebook.com/hallingdal2020

➤ Bustad

I Gol er det framleis drift på enkelte gardar i bygdene men det er og tilgang på småbruk. Er du ein av dei som likar å bu tettare på sentrum har Gol fleire flotte bustadfelt både i og utanfor sentrum. Det er mykje aktivitet i bustadbygginga i Gol, takka væra initiativrike entreprenørar. Ta kontakt med dei lokale eigedomsmeklarane for meir informasjon. Om du er i etableringsfasa kan du søkje startlån hjå kommunen for å koma i gang med å skaffe din eigen bustad. Sjå gol.kommune.no og skriv STARTLÅN i søkemotoren for meir informasjon.

➤ Arbeid

Gol har ein rik arbeidsmarknad med eit stort spekter av både private og offentlege arbeidsplassar. Og Gol er best kjent som eit service og handelssentrum. Vår handel vert nytta av alle innbyggjarane i regionen og frå nærliggjande regionar som Valdres, Sogn og Numedal. Gol husar også mange fellesfunksjonar i offentlege tenester for reisten av Hallingdals kommunane. Slik sett har du tilgang på mange interessante fagmiljø i Gol. Me husar også ein næringshage for Hallingdal som bidreg til vekst i eksisterande næringar og ein etablerar-rettleiing for Hallingdal som hjelper nyetablererar og gründerar med å kome i gang. Kanskje du har ein gründer i magen? Sjå hallingdal-etablerersenter.no eller nhage.no for meir informasjon.



I Hallingdals samarbeidet er det no oppretta nettsider som skal gjere det enkelt for deg å finne ut kva jobbar som er ledige, for me treng og ynskjer å nytte din kompetanse! Sjå denne sida som samlar ledige stillingar frå alle kommunane, annonsar frå Hallingdølen, Finn og NAV, facebook.com/jobbihallingdal.

➤ **Barnehage, skule og skulefritidsordning**

Frå hausten 2018 har me tre større barnehagar i Gol samt ein mindre i tilknytning til ein av dei større barnehagane, og her i kommunen har me full barnehagedekning noko me er veldig stolte av. I tillegg til dei kommunale barnehagane er det og ein privat familiebarnehage tilgjengeleg.

Hallingmo-prosjektet er og har vore kommunen sitt største samfunnsprosjekt i mange år og har som intensjon å auke attraktiviteten vår. Nye Gol Skule, som er ei 1-10 skule, sto ferdig hausten 2016. Her har me kring 550 elevar, men skulen har plass til 750. Så du skjønar, på Gol bygge me for framtida! Skulebygget husar også kulturskula vår og på sikt er ynskje at lag og organisasjonar vil få moglegheit til å nytte bygget etter skuletid. Dette skal væra eit bygg for alle i Gol! Sjå gol.kommune.no og vel hovudfane SKULE OG BARNEHAGE for meir informasjon om skula og barnehagane våre i Gol.

Skulefritidsordninga har også fått plass i den nye skulen, og grunna ein aktiv fotballklubb kan du som innbyggjar velje mellom den kommunale fritidsordninga eller ei idrettsfritidsordning. Sjå gol.kommune.no og søk SFO eller hallingdalfk.no og søk IFO for meir informasjon.

Gol har også tilbod innan vidaregåande opplæring, og på Gol vidaregåande kan ein velje mellom fleire spanande og forskjellige studielinjer. Om du ikkje skulle finne eit aktuelt tilbod på Gol, er det også ei vidaregåande skule i nabokommunen Ål. Sjå gol.vgs.no for meir informasjon angående Gol vidaregåande skule og sjå al.vgs.no for meir informasjon angående Ål vidaregåande skule.

Me er opptekne av ungdommen vår i Gol, og me ynskjer å legge til rette for at dei blir eller kjem attende til hit. Treng ungdommen eit år til å finne ut kva dei vil kan dei søkje seg til Hallingdal Folkehøgskule for å utvikle seg sjølv og finne sine styrker. Her kan ein velje mellom forskjellige, utfordrande og aktive linjer. Folkehøgskulen er verdifull for Gol og har lange tradisjonar i lokalsamfunnet! Sjå hallingdalfhs.no for meir informasjon.

I Gol har me også eit Læringsssenter som tilbyr vaksenopplæring på ulike nivå. I tillegg husar vi andre utdanningsinstitusjonar som Hallingdal Karrieresenter, Hallingdal Studiesenter og Folkeuniversitetet Hallingdal. Me opplever at stadig fleire ynskjer å etterutdanne seg og er du ein av dei, kan du gjere det på Gol! Me ynskjer at våre innbyggjarar skal ha tilgang på kompetanse for det er slik me sikrar god arbeidskraft og moglegheiter for nyetableringar. Sjå desse nettsidene for meir informasjon:

- gol.kommune.no/skule-og-barnehage/laringsssenteret-gol/
- hdkarriere.no
- studiesenteret.no
- folkeuniversitetet.no

Bruk søkeorda læringsssenteret på kommunens nettside og ordet Gol på dei andre refererte nettsidene.



➤ **Friviljugheit, lag og foreiningar**

I kommunen er det mykje flott aktivitet innan lag og organisasjonar. Friviljugheita står sterkt i Gol, og kommunen ynskjer å spela endå meir på lag med den slik at våre innbyggjarar får eit breiare og betre aktivitetstilbod, og ikkje minst gode sosiale arenaer! For mange er deltaking ein viktig inngangsporten for å bli betre kjend med kommunen sin og dei som bur i den. Kanskje du finn eit tilbod som engasjerer deg? Sjå gol.kommune.no og vel hovudfane KULTUR OG FRITID for ei oversikt over lag og foreiningar i kommunen samt gol.frivilligsentral.no/ eller for meir informasjon.

➤ **Fritid**

Fysisk aktivitet og folkehelse er eit prioritert fokus for Gol kommune. Vår fantastiske Gol Idrettsarena vart opna hausten 2017 og er ein ny fleirbrukshall med handballbane (samt basket og volleyballbane), basishall, løpebane, klatrevegg, crossfit-rom samt publikumsfunksjonar. Gol Idrettsarena kjem i tillegg til eit eksisterande samfunnshus som husar handballbane, styrkerom, spinning/treningsrom og symjehall. Me vil at alle som ynskjer å vera i aktivitet skal få høve til det. I tillegg har Gol eit idrettslag og fleire foreiningar som gjer det mogeleg å drive organisert fysisk aktivitet. Kommunen jobbar tett med ungdomsrådet og andre organisasjonar for å skapa fleire arenaer for uorganisert aktivitet, og ein ny pumptrack for sykkel midt i sentrum med tilhøyrande fasilitetar er på veg opp i skrivande stund. Om du heller likar å vera fysisk aktiv på eige hand har Gol eit rikt stinett både i sentrum og oppe på Golsfjellet. Stikk innom Turistkontoret for meir informasjon eller prøvd deg fram ved hjelp av merka stigar. Sentrumsnært og like ovanfor vår grønne lunge i sentrum finn du ei kombinert sykkel og skatepark. Og om du likar ballsport kan du spele sandvolleyball like i nærheita av sykkel/skateparken eller nede på vår fantastiske rekreasjonsområde, Glitre friluftsområde (Mobrua). Her, rett ved Hallingdalselva kan du grille, bade, sole deg eller som tidlegare nemnt, spele sandvolleyball. Her er det berre å kose seg! For meir informasjon, sjå desse nettsidene:

- gol.kommune.no
- golil.no

➤ **Friluftsliv**

Gol er ei friluftskommune med god tilgang på store naturopplevingar. Med mange kilometer løypenett for skiløparar og utallige stigar for vandrarar kan du vera ute både sommar som vinter, vår og haust! Er du ein fiskeentusiast kan du fiske i både Hallingdalselva og Heimsil, eller kanskje du heller vil finne deg eit stille og roleg tjern på Golsfjellet?. Og om ikkje fiskestonga er noko for deg så kan du ta med deg kanoen eller kajakken til vakre Tisleiafjorden på Golsfjellet. Du kan ta sykkelen fatt og luften deg på dei mange løypene og stølsvegane i kommunen. Og er du meir eventyrlysten kan du ta med deg klatreutstyret og klatre både innandørs og utandørs rundt om i kommunen. På Gol er det noko for alle, og med det flottaste scenarionet du kan tenkje deg, naturen!

➤ **Bibliotek**

Gol Bibliotek ligg i tilknytning til Gol vidaregåande skule og den gamle ungdomsskulen og er open for allmennheita. I tillegg vert det satt opp aktivitetar for barn, unge og vaksne som skal stimulere til auka bruk og kulturelle opplevingar. Sjå hallingdalsbiblioteka.no for meir informasjon.



➤ Helsestasjon

I Gol har me eit godt helsestasjonstilbod. Helsestasjon for born 0-5 år finn du i nærleiken av kommunehuset og her møter du helsesøster og helsestasjonslege for oppfølging av born. Skulehelsetenesta er eit førebyggjande tilbod for born og unge i alderen 5 – 20 år. Helsesøster kan kontaktast når ho er på skulen og elles vil du finne informasjon på skulens oppslagstavler. Helsestasjon for ungdom er eit tilbod for all ungdom mellom 13-20 år. Dette er ei viktig og utfordrande tid i livet, og det er derfor viktig for oss å ha nokon ein kan prate med, eller få råd og rettleiing av. Jordmortenesta er også å finne på helsestasjonen. Sjå gol.kommune.no og vel hovudfane HELSE OG OMSORG for meir informasjon.

➤ Legeteneste og legevakt

Me opplever diverre alle å bli sjuke, både akutt eller over tid. Med gode allmennpraktiserande legar, flinke sjukepleierar og helsesekretærar er legekantoret godt rusta til å ta vare på deg. Me har eit godt samarbeid med nabokommunane om legevaktsordning og gode samarbeidstiltak innan akutte sengeplassar og kommunale behandlingsplassar på Hallingdal Sjukestugu som er lokalisert i nabokommunen i Ål. I tilknytning til Hallingdal Sjukestugu har me også tilgang på luftambulans med ein lokal landingsplass utanfor legetenesta i Gol. Sjå vestreviken.no og søk HALLINGDAL SJUKESTUGU og luftambulans.no og søk HALLINGDAL for meir informasjon.

➤ Andre helse og omsorgstilbod

I Gol kommune har me gode omsorgstilbod med heimetenester, institusjonsplassar, omsorgsboligar og dagsenter. Me har også omsorgstenester for born, unge og vaksne med funksjonsnedsettingar. Gå inn på kommunens heimeside for å lesa meir om kva tenester me tilbyr. I tillegg har me eit institusjonskjøkken som lagar mat til institusjonen og heimebuande. I eit samarbeid med friviljuge køyrast maten til dei brukarane som er heimebuande. Dette er ein kvalitet som me ynskjer å behalde som ein del av kommunens helse og omsorgstilbod. Eit anna tilbod som våre friviljuge har fått på fote er «Småjobben» der ein tilbyr arbeidskraft til små jobbar til ein symbolsk sum. I kommunen vår har me dalens største Frisklivsentral som tilbyr føresbyggjande og tilrettelagt aktivitet for å styrke eigen helse. Frisklivsentralen ligg godt plassert i den nye fleirbrukshallen, men utfører også mykje av sin aktivitet utandørs. For meir informasjon kan du gå inn på kommunens heimeside og sjå under fana HELSE OG OMSORG.

➤ Politi

I beinveges nærleik og godt plassert i sentrum finn du Midtre Hallingdal lensmannskontor. Her er kontoret og personellet for kommunane Ål, Gol og Hemsedal samla. I tillegg har kvar enkelt kommune fått ein eigen politikontakt. På den måten sikrast eit godt samarbeid med politiets beredskap både akutt og førebyggjande. Sjå politi.no og søk GOL for meir informasjon.

➤ Brann og redning

Gol er med i eit samarbeid med nabokommunar om Hallingdal Brann og Redningssentral. Dei har ansvar for brann, ulykker, redning, akutt forureining og feiing. Sjå torpomoen.no og trykk deg inn på Hallingdal Brann og Redningsteneste sin logo til høgrefor meir informasjon.

➤ Renovasjon – avfall

Hallingdal Renovasjon er også eit samarbeid mellom alle Hallingdals kommunane. Dei har som formål å drive innsamling og handtering av husstandsavfall, næringsavfall og slam. Dei driv produksjon og sal av energi basert på forbrenning av avfall og andre fornybare ressursar og er ein pådrivar for ei positiv miljøretta utvikling innanfor forretningsområdet, samt at dei bidreg aktivt til utvikling av Hallingdal som ein "Grøn Region". Sjå hallingdalrenovasjon.no for meir informasjon.

➤ NAV

NAV kontoret ligg i kommunehuset og har fellesfunksjon for Gol og nabokommunen Hemsedal. I 2017 har det vore føreslått endringar i også denne tenesta, og den viktigaste endringa er at NAV skal ha meir utadretta og oppsøkjande verksemnd. Nærleik til saksbehandlar er viktig for dei som skulle trenge hjelp og støtte i ei vanskeleg tid, og det har og vil me framleis ha på Gol. Sjå nav.no og søk GOL for meir informasjon.

➤ Transport

Med Gol Stasjon plassert like utanfor sentrum har me gode moglegheiter til å nytte tog både til Oslo og Bergen og alle stasjonar der i mellom. Me har heile tida fokus på å sikre eit godt busstilbod internt i og eksternt frå Hallingdal samt korrespondansar vidare frå Gol til blant anna Sogn og Valdres. Skysstasjonen er plassert midt i sentrum, og har god korrespondanse til togstasjonen. Sjå nsb.no , nettbuss.no eller brakar.no og søk GOL eller bruk goinfo.no for meir informasjon.

➤ Arrangement

Gol arrangerar! Som kommunen midt i Hallingdal er det ofte liv og røre både i sentrum og på Golsfjellet. Med mange kreative og handlingskraftige aktørar på Gol har me stadig eit arrangement på agendaen. Alt frå store til dei mindre. Og bur du i Gol er det og kort veg til nabokommunar som er like flinke til å laga gode opplevingar. Med linkane under kan du fort oppdatere deg på kva som skjer i Gol eller berre eit steinkast unna:

- hallingbillett.no
- kvaskjer.hallingdal.no
- goinfo.no
- hallingdal.no

Me som bur i Gol er veldig glad i kommunen vår, og eg vonar at du også vil finne deg til rette, trivast og blir glad i Gol. Hjarteleg velkomen skal du vera!

«Samarbeid formar framtida»



Ordførar
Heidi Granli